

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn.

1. Hordaland fylkeskommune rår til traséval 2 ved utbygging. Alternativ bruk av tunnelmassar skal vurderast framfor tippar i terrenget. Dersom det er mogleg å transportere massane under temperatursprangsjiktet i Torfinnsvatnet blir traséval 2 foreslått som ei god løysning.
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til grovholsboring. Føresetnaden er at teknologien er vurdert som moden nok for aktuelt område, og at ein slik byggestrategi ikkje fører til andre vesentlege belastningar for omgivnadene.
3. Ein må vurdere minstevassføring nedstraums Svartavatnet, ved planlagd sperredam, med omsyn til elva som sentralt landskapselement og stad for friluftsliv og rekreasjon. Minstevassføring er også viktig med omsyn til biologisk mangfald i eit sårbart høgfjellsområde.
4. Inngrepa i eit sårbart økosystem i høgfjellet må avgrensast til eit absolutt minimum.
5. Driftsfase må gjennomførast utanom hekketid/yngetid.
6. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene. Ein må leggje vekt på eit landskapsmessig godt resultat med eit naturleg preg.
7. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.
8. Tiltaket skal ikkje svekke friluftslivkvalitetar i området nemneverdig.